

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2021

## Konkurranseutsetting av Kystvegsekspresen

### Forslag til vedtak

Rammar for konkurranse og kontrakt for Kystvegsekspresen blir som følger:

1. Det vert inngått ein kontrakt med oppstart 1. mai 2024
2. Kontrakten vil ha ein varigheit på 1 år + opsjon på forlenging i fleire omgangar
3. Det vert stilt krav om bruk av fornybart drivstoff
4. Opsjon på ulike fartskrav som fylkesutvalet kan velje mellom basert på info om kostnad og CO2-utslipp knytt til dei ulike opsjonane
5. Bruk av kvalitetskrav som sikrar at eksisterande fartøy i marknaden kan nyttast
6. Drift av pilotfartøyet handterast gjennom eigen kontrakt på seinare tidspunkt

### Samandrag

Fylkesutvalet fatta 19.01.21 vedtak i sak PS 3/2021 vedtak om lyse ut ein eigen kontrakt på Kystvegsekspresen fram til pilotfartøy er godkjent. Fylkesrådmannen legg i denne saka fram si tolking av vedtaket og såleis innretninga på den komande konkurransen og kontrakten for dette sambandet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ruta «Kystvegekspressen» (Måløy-Smørhamn-Florø) inngår i dagens kontrakt for «Lokale båtruter i Flora, Bremanger, Vågsøy og ambulanse i Floraområdet». Denne ruta var i utgangspunktet planlagt som ein av fleire ruter i den framtidige driftskontrakten «Rutepakke 2» som no er kunngjort.

Ved politisk handsaming av konkurranseutsettinga av Rutepakke 2 i januar 2021 vart det fremja eit ønske om at overfartstida for ruta vert redusert i ny kontrakt, samt at det vert tilrettelagt for at det planlagde pilotfartøyet frå samarbeidsprosjektet med Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark fylkeskommunar kan nyttast på i denne ruta etter endt pilotdrift.

Fartøyet som skal designast og byggjast som ledd i arbeidet med Framtidas hurtigbåt del II er enno ikkje definert og såleis ikkje mogleg å prise drifta av. Det er også uklart når drifta av fartøyet kan starte opp. Fylkesrådmannen legg såleis til grunn at drifta av dette fartøyet må handterast gjennom eigen kontrakt på seinare tidspunkt.

Fylkesrådmannen la fram eit notat til Fylkesutvalet den 19. januar 2021 som presenterte kva konsekvensar eit krav til auka fart vil få og forslag til korleis dei to ønska kunne løysast.

Fylkesutvalet fatta følgjande vedtak i møtet den 19. januar 2021 (PS 3/2021):

*Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågående samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspressen (Florø-Måløy-Selje).*

*For å sikre ei effektiv pendlarrute ber fylkesutvalet om at administrasjonen utarbeider anbodet i tråd med notatet til FU 19.01.2021 under overskrifta: «Korleis kan vi leggje til rette for permanent bruk av pilotfartøy på Kystvegekspressen?», og lyser ut eigen kontrakt på Kystvegekspressen fram til pilotfartøyet er godkjend.*

*Fylkesutvalet gjev rådmannen fullmakt til å forhandle fram løysingar i denne kontrakten som gjev dei reisande båtar med kortare reisetid og lågast mogleg klimautslepp, herunder same krav om bruk av fornybart biodrivstoff som på resten av rutepakkene. Fylkesutvalet ønsker å få klargjort korleis Kystvegekspressen innanfor budsjett- og klimaramme, kan ha høgre fart, til dømes gjennom ein opsjon på høgre fart.*

Vedtaket gir følgande klare føringar for Kystvegekspressen:

1. Det skal vere ein eigen kontrakt for ruta
2. Alt drivstoff skal vere fornybart
3. Kystvegekspressens strekning skal seinare nyttast for nullutsleppsfartøyet

Når det gjeld punkt 3 er det viktig å presisere at dette er eit forhold som har avgjerande betydning for kontraktslengda. Kontrakten for Kystvegekspressen vil ha oppstart i 2024 og dersom arbeidet med nullutsleppspiloten går etter planen vil eit fartøy tidlegast vere klart i 2025. Det er såleis tale om ein ordinær kontraktsperiode på kun eitt år. Ettersom nullutsleppspiloten skal gjennom eit utviklingsløp der det er knytt usikkerheit til resultatet og tidsperspektivet, er det vesentleg at det vert lagt inn opsjon på å forlenge kontrakten (i fleire steg).

På grunn av den svært korte ordinære kontraktsperioden er det kostnadsmessig avgjerande at det blir lagt opp til at det kan nyttast brukt materiell i kontrakten.

Vedtakskompetanse

Saka gjeld tolking av tidlegare fatta vedtak av fylkesutvalet og det vert såleis lagt til grunn at mynden ligg hjå fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Vedtaket i PS 3/2021 relatert til Kystvegekspressen inneholder formuleringar som gjev rom for tolking og som fylkesrådmannen har behov for å avklare:

### Klimakrav

Vedtaket har følgjande ordlyd

«Fylkesutvalet gjev rådmannen fullmakt til å forhandle fram løysingar i denne kontrakten som gjev dei reisande båtar med kortare reisetid og lågast mogleg klimautslipp, herunder same krav om bruk av fornybart biodrivstoff som på resten av rutepakkene.»

Formuleringsa «forhandle fram løysingar» med «lågast mogleg klimautslepp» kan tolkast dit han at det er forventning om at det vert konkurrert på utsleppskutt. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det lite samfunnsøkonomisk å konkurrere om utsleppskutt for ein slik kortvarig kontrakt.

Fylkesrådmannen tolkar difor vedtaket slik at det ikkje skal konkurrerast om utsleppskutt for denne kontrakten, men at det vert stilt krav om bruk av fornybar diesel.

### Fart

«Fylkesutvalet ønskjer å få klargjort korleis Kystvegekspressen innanfor budsjett- og klimaramme, kan ha høgre fart, til dømes gjennom ein opsjon på høgre fart.»

Endringar i fartskrav vil nødvendigvis har konsekvensar både i høve kostnad og klimautslepp. For å sikre politisk forankring av desse konsekvensane vil fylkesrådmannen legge opp til opsjonar for 1-2 ulike hastigheiter i konkurransen og legge opsjonane fram til politisk handsaming etter kontraktsinngåing. Utsleppskonsekvensar for dei enkelte hastigheitsopsjonane vil då bli belyst. Fylkesrådmannen tilrår at tilboda vert evaluert basert på lågaste pris.

### Økonomi:

Fylkesrådmannen si tolking av vedtaket vert vurdert som kostnadsreduserande.

### Klima:

Vedtaket legg opp til bruk av fornybart drivstoff.

### Folkehelse:

Vert ikkje vurdert som relevant.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Båtsambanda i fylket er relevante for busetting og mobilitet i fylket.

### Konklusjon

Oppsummert legg fylkesrådmannen til grunn følgjande rammer for konkurransen og kontrakt for Kystvegekspressen:

- Det vert inngått ein kontrakt med oppstart 1. mai 2024
- Kontrakten vil ha ein varigheit på 1 år + opsjon på forlenging i fleire omgangar.
- Det vert stilt krav om bruk av fornybart drivstoff
- Oppsjon på ulike fartskrav som politisk kan velje mellom basert på info om kostnad og CO<sub>2</sub>-utslipp knytt til dei ulike opsjonane
- Bruk av kvalitetskrav som sikrar at eksisterande fartøy i marknaden kan nyttast
- Drift av pilotfartøyet handterast gjennom eigen kontrakt på seinare tidspunkt